



# HEMSEDAL KOMMUNE



**Årsmelding  
2021**

## INNHALD

<b>1</b>	<b>Kommunedirektøren sine resultatvurderingar .....</b>	<b>4</b>
	<b>Samfunnsperspektivet .....</b>	<b>6</b>
1.1...	Folketal .....	6
1.2...	Politisk verksemd og organisering.....	7
1.3...	Bulyst (Bygd- og stadsutvikling, kultur, idrett og organisasjonsliv).....	9
1.4...	Livsløp.....	10
1.5...	Miljø (Kulturarv, ressurs,- og miljøforvaltning) .....	10
1.6...	Næringsliv (Innovasjon, utbygging, landbruk og samferdsel) .....	11
	<b>Tenesteperspektivet.....</b>	<b>12</b>
1.7...	Oppvekst.....	12
1.7.1	Barnehagane.....	12
1.7.2	Skulane .....	12
1.8...	Helse- og omsorgsetaten .....	13
1.8.1	Helse for born og unge .....	13
1.8.2	Helsetilbod for vaksne .....	13
1.8.3	Omsorgstenesta for eldre.....	13
1.8.4	Helsehuset .....	14
1.8.5	Legetenesta .....	14
1.8.6	Fysioterapi, ergoterapi og friskliv .....	14
1.8.7	Bråtenjordet .....	14
1.8.8	Koordinerande eining (KE)/stab .....	14
1.8.9	Integreringstenesta .....	15
1.9...	Teknisk etat .....	15
1.9.1	Eigedom .....	15
1.9.2	Renovasjon, vatn og avlaup.....	16
1.9.3	Veg- og anlegg .....	16
1.9.4	Matrikkel, plan og byggesak.....	17
1.9.5	Landbruk, miljø og næring.....	17
1.10.	Kultur.....	17
1.10.1	Kulturskulen .....	18
1.10.2	Biblioteket .....	18

1.10.3	Fritidsklubben.....	18
<b>2</b>	<b>Medarbeidarperspektivet.....</b>	<b>19</b>
2.1...	Samarbeid med tillitsvald og vernetenesta.....	19
2.2...	Kompetanseutvikling.....	19
2.3...	Arbeidsmål .....	19
2.4...	Sjukefråvær .....	20
2.5...	Internkontroll .....	21
2.6...	Etikk.....	21
2.7...	Likestilling.....	21
<b>3</b>	<b>Økonomiperspektivet.....</b>	<b>23</b>
3.1...	Driftsrekneskap .....	23
3.2...	Vesentlege avvik imellom årsbudsjettet og årsregnskapet .....	24
3.3...	Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av løyvingar .....	25
3.4...	Driftsinntekter .....	25
3.5...	Driftsutgifter.....	26
3.6...	Løn og sosiale utgifter .....	26
3.7...	Prosjektrekneskap for pandemien .....	27
3.8...	Verksemdene .....	28
3.8.1	Kommunedirektør med stab .....	28
3.8.2	Oppvekst.....	29
3.8.3	Helse og omsorg .....	30
3.8.4	Teknisk.....	30
3.9...	Investeringsrekneskapen.....	30
3.10.	Balansen .....	32
3.10.1	Anleggsmidler.....	32
3.10.2	Omløpsmidlar.....	32
3.10.3	Fondskapital .....	32
3.10.4	Lånegjeld .....	33
<b>4</b>	<b>Hemsedal kommune i eit økonomisk perspektiv.....</b>	<b>34</b>

# 1 Kommunedirektøren sine resultatvurderingar

Årsmeldinga er administrasjonen sin rapport til kommunestyret om ressursbruk og resultat i året som gjekk og er eit av kommunen sine viktigaste styringsdokument. Årsmeldinga viser at kommunen har høg aktivitet og eit breitt fokus i sitt virke. Folkevalde og tilsette har alle ei viktig rolle i Hemsedal kommune sitt samfunnsoppdrag – yte gode tenester og med det sikre at Hemsedal er ein god og trygg kommune å bu i.

## Pandemikonsekvensar

Pandemien har også i 2021 satt sitt preg på organisasjonen. Kontinuerleg beredskapsarbeid med aukande grad av sjukemeldingar har vore krevjande, og ein registrerer stor slitasje i organisasjonen. Heimekontor, og redusert samhandling har gått ut over tenestekvalitet. Dei tilsette sin vilje til å strekke seg langt har vore stor.

Samarbeidet mellom kommune og næringsliv har fungert godt. Pandemien har fått store konsekvensar for næringslivet. Samstundes viser skatteinngangen at næringa har klart seg betre enn venta. Kommune og næringsliv har jobba tett med vidareutvikling av gode rutinar og prosedyrar i høve førebyggjande smittevernarbeid.

## Bu- og samfunn

Folketalsutviklinga er framleis positiv og runda 2611 innbyggjarar ved årsskifte. Veksten er en kombinasjon av netto fødselsoverskot på 10 personar, og ei netto innflytting på 53 personar. Held trenden fram ligg kommunen godt i rute til å nå målet om 3000 innbyggjarar i 2030.

Pandemien til trass har kommunen gjort viktige vedtak for å sikre god samfunnsmessig utvikling:

- Gjennomføring av skuleutbygging, og bygging av omsorgsbustadar for yngre
- Opning av Familiens Hus, Helsehuset, samt utviding av luftsvegsklinikk
- Sluttbehandla reguleringsplan for Trøym sentrum – bustadfelt
- Vedtak av planprogram for naturmangfald
- Samarbeidsavtale med Hemsedal Fritidsboligforening
- Strategi for elbil- og ladeinfrastruktur
- Rådgevande folkeavstemming om målform i skula

## Næring

Kommunen har hatt eit godt samarbeid med destinasjonsselskapet, der mellom anna vedtak av handlingsplan for sertifiseringsordninga Bærekraftig reiseliv kan nemnast. For å dempe effekten av Covid-19 pandemien har kommunen ytt stønad til næringslivet og forvalta utdeling av statlege midlar på 11,9 mill. Kommunen opprettheld satsinga på «Masterplan for terrengsykkel 2019-2022» med tilskot, driftsgaranti og forskottering av spelemidlar.

## Organisasjon og leiarskap

I 2021 har kommunen vore styrt av to kommunedirektørar. Reidun Halland jobba ut oktober 21, medan Ola Frogner vart konstituert resten av året. Organisasjonen har hatt ein del vakanse. Mykje ressursar har vore bunde opp til å handtere Covid-19 pandemien, parallelt med implementering av nye datasystem. Samstundes har Hemsedal kommune det siste året stått i en krevjande situasjon i høve bekymringsmelding innan helse og omsorgssektoren, og ein «varslingssak/gjengjeldingssak» i Tingretten. Dette er to omfattande saker som har medført stor arbeidsbelastning og satt sitt preg på organisasjonen. I tillegg har mange hatt ei krevjande tid med pandemi. Medarbeidarundersøkingar har mellom anna vore utsett med bakgrunn i desse tilhøva.

## Økonomi

Hemsedal kommune har eit netto driftsresultat på 43,5 mill. i 2021, mot 24,9 mill. året før. Med ein driftsmargin på 11,9 % ligg kommunen godt over anbefalinga frå Kommunaldepartementet om at kommunane bør ha eit netto driftsresultat høgare enn 1,75 % av brutto driftsinntekter.

Det solide resultatet kjem på trass av nedgang i ordinært rammetilskot og auke i kostnader knytt til pandemien. Auke i folketalet held fram og Hemsedal har framleis god vekst i skatteinntekter. Høge inntekter frå sal av kraft har auka kommunen si handlefridom vesentleg. Hemsedal Energi bidrar med til saman 21,6 mill. i inntekter i 2021.

Med dei gode resultatata har disposisjonsfondet auka til 114,5 mill. Kommunen står såleis betre rusta til å møte høge investeringsbehov som følgje av vekst i folketal og næring. Men for å sikre ei berekraftig økonomi i ei framtid med auka renter og avdrag har kommunen påbegynt arbeide med å gjennomføre ei generell vurdering av tenestetilbod, drift og organisering.

I årsmeldinga har ein brukt trafikklysmodellen for å forenkle årsmeldinga, og i større grad rapportere på enkelttiltak i høve måloppnåing.

Kommunedirektøren vil takke alle for innsatsen i 2021.

Hemsedal, 31.03.2022

Kommunedirektør


## Samfunnsperspektivet

Samfunnsperspektivet omhandlar kommunen som samfunnsaktør som skal utvikle kommunen i den retning innbyggjarane ønskjer. Det skal leggast til grunn forvaltning, tenesteproduksjon, strategisk planlegging og næringsutvikling på tvers av etatar.

### 1.1 Folketal

Hemsedal hadde ved årsskifte 2611 innbyggjarar. Det er ei auke på 65 personar (2,6 %) i 2021. Auka skyldast i all hovudsak høg nettoinnflytting (inkl. inn- og utvandring). Fødselsoverskotet var på 10 (mot 8 året før).

Det er ei vesentleg høgare del personar i aldersgruppa 30-54 år i Hemsedal samanlikna mot hele landet (sjå diagrammet under). Ikkje unaturleg er det dermed òg ei høgare del i aldersgruppa 0-4 år og 10-14 år. Talet på fødte var 23 i 2021 mot 30 i 2020.




## 1.2 Politisk verksemd og organisering

Kommunestyret har hatt fylgjande samansetning i 2021:

Pål Rørby, <b>ordfører</b>	Senterpartiet
Petter Owesen, <b>varaordfører</b>	Hemsedal Bygdaliste
Norunn Rivedal	Senterpartiet
Nils Erik Finset	Senterpartiet
Hege Elisabeth Falck-Andersen	Senterpartiet
Petter Brennhovd	Senterpartiet
Anders Edvard Snildal	Senterpartiet
Helene Sagabråten	Arbeiderpartiet
Kjell Erik Skølt	Arbeiderpartiet
Andreas Smith-Erichsen	Høgre
Jan Egil Halbjørhus	Høgre
Anne Grethe Fremgaard	Høgre
Camilla Cecilie Underland	Høgre (permisjon)
Richard Taraldsen	Høgre (vikar for Underland)
Jørgen von Tangen	Høgre
Ingar Nergård	Kristeleg Folkeparti
Steinar Bleken	Venstre
Arnt Skansen	Sosialistisk Venstreparti


### Politisk organisering

Hemsedal kommune er organisert etter hovudutvalsmodellen, med delegering frå Kommunestyret.



## Administrativ organisering

Administrativt er kommunen organisert med ein etatsmodellen med tre etatar.



## Sakshandsaming

Kommunen har behandla 362 politiske saker i 2021. Det er ei auke på 12 mot året før. Samstundes har kommunen behandla 578 delegerte saker, 32 fleire enn i 2020.

Tabellen under viser utvikling i talet på politiske saker frå 2014-2021.

Saker	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Kommunestyret	92	116	143	98	106	130	145	126
Formannskap	92	80	93	80	70	85	65	90
Plan og ressurs	105	97	100	104	106	91	75	101
Livsløp	39	54	87	43	50	45	51	38
Kommuneplanutvalet				16	20	30	14	7

Tabellen under viser delegerte saker fordelt på utval.

Delegerte saker	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Plan og ressurs	394	465	470	484	503	528	530	564
Livsløp	15	24	14	36	28	28	16	14

I tillegg har administrasjonen handert 22.245 registrert journalposter i sakshandsamingssystemet Elements. Det er ei auke på 3233 (+17 %) frå året før. Denne auka kjem utan at saker innan oppvekst er med i talet for 2021. Dessa er flytta inn i eiga sakshandsamingssystem. Oppvekst har nær 400 delegerte saker som er unntatt offentlegheit og ikkje registrert i politisk utval.

Tabellen under viser utvikling i mengda registrerte journalposter i sakshandsamingssystemet Elements.

Registrerte journalposter	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021
Elements	12 083	13 566	13 877	12 731	15 253	17 126	19 012	22 245

I årsmeldinga har ein brukt trafikklysmodellen for å forenkle årsmeldinga, og i større grad rapportere på enkelttiltak i høve måloppnåing.

Gode resultat, gjennomført eller i rute
Middels resultat – er i prosess, eller planlagt prosess
Manglande resultat – ikkje gjennomført - forsinking

### 1.3 Bulyst (Bygd- og stadsutvikling, kultur, idrett og organisasjonsliv)

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Legge til rette for realisering av bustadfeltet Fridalen - BU7.	Regulert 57 einingar – sal og realisering i privat regi.	
2.	Auka attraksjonsfaktor for sentrums- og bustadutvikling Trøym	Initiert «Smart Fjellbygd» for Trøym sentrum - eit stadsutviklingsrosjekt som mellom anna inneheld grøn mobilitet. Forankring, oppstart.	
3.	Sesongarbeidarbustad som rekkefølgekav i plan.	Tema ved oppstart av reguleringsplanar jfr. sjekklister.	
4.	Alle sentrumsnære bustader og bustadtomter skal nyttast i tråd med føremål for å sikre tilgang på bustader.	Oppfølging, og kontroll av bustadar er ikkje gjennomført grunna vakans i stillingar og situasjonen med corona.	
5.	«Aktive lokalsamfunn – kommune 3.0» der ansvar frå «kommunalt» til «lokalt» vert formalisert - partnerskapsavtalar	Ikkje kapasitet grunna corona og tilgang på frie ressursar.	
6.	«Hyttetreff» - ein møteplass for innbyggjarar og fritidseigarar. Effektar av corona- pandemi knytt til tilflytting, og bruk av fritidseigedom.	Etablert avtale med Hemsedal Hytteeierforening – møteplass, samt plattform for å formidle tenestilbod og arena for medverknad	
7.	Utarbeid bustadsosial handlingsplan	Prosjektplan er utarbeida, – Covid effekt og mangel på ressursar for gjennomføring.	
8.	Prioritering i høve framtidig bustadfelt - destinasjonsutvikling - infrastrukturinvesteringar	Utarbeida grunnlagsunderlag for politisk arbeidsdag, og vedtak om strategi om å komme i gang med raske tiltak.	

## 1.4 Livsløp

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Ta i bruk nye velferdsteknologiske løysingar	Kartlagt og planlagt av behov og kva slags teknologi som skal implementerast i 2022, kontinuerleg arbeid	Yellow
2.	Utarbeide ein overordna helse- og omsorgsplan	Utsett pga pandemi	Red
3.	Ungdata - oppfølging og gjennomføring	Deltaking ungdomsklubb, tirsdagstreff etc. Tema/ program psykisk helse barn/unge, skuletinget, elev- og ungdomsråd. Handlingsplan 31/12.	Green
4.	Helsestasjonen, psykisk helse og oppvekst skal innføre betre tverrfagleg innsats (BTI) som verktøy for tidleg innsats, betre samordna tenester, brukarmedverknad	BTI/Trygg oppvekst er innført. Digitalisert i 2021	Green
5.	Temaplan Kultur	Ikkje utarbeida – sjå område kultur	Red
6.	«Flyktningar som ressurs»	Utsett pga pandemi	Red
7.	Utvikle felles kultur- og verdigrunnlag for Hemsedalsskulen. Prosessforankring – og gjennomføring i samarbeid med tilsette, og foreldre gjennom Skoleting.	Utsett pga pandemi	Red

## 1.5 Miljø (Kulturarv, ressurs,- og miljøforvaltning)

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Kartlegge viktige kultur-/natur miljø og bukvalitetar som er viktig å ta omsyn til for framtidige areal- og utbyggingsplanar mellom anna ved bruk av innbyggjarundersøking og fysiske registreringar	Arbeidet ikkje gjennomført grunna ressursituasjon, og konsekvens av Corona.	Red
2.	Bruke «Klimarådet» aktivt som verktøy for oppfølging av energi- og klimaplan, og forvaltningsplan for vassforvaltning.	Det er gjennomført møter, men Covid har vanskeleggjort oppfølging.	Green
3.	Energieffektivisering av kommunale bygg knytt til skule- og helseutbygging samt avklare roller i høve El-bil ladepunkt	Gjennomført i tråd med investeringsplan	Green
4.	Bidra til sertifisering av Hemsedal som «Berekraftig reisemål»	Følgd opp i tråd med prosjektframdrift – løyvd pengar til føremåla.	Yellow
5.	Ferdigstille kommunedelplan for «Friluftsliv, idrett og anlegg»	Vedtete planprogram, men arbeidet stoppa opp grunna covid, samt vakans i stillingar	Yellow
6.	Identifisere tiltak innan samferdsel og kollektivtrafikk som betrer klimagassutslipp	Utarbeida strategi for El-bil. I Klimarådet drøfta «prosjekt» ladepkt. For kollektivtransport – etablert i regi av næring/ Hemsedal Energi	Yellow

Klimarekneskapan for kommunal verksemd går i rett retning. Rekneskapan stammer både frå eksterne og interne kjelder, og vert omrekna til tonn CO<sub>2</sub>-ekvivalenter. Analysen er basert på den internasjonale standarden "A Corporate Accounting and Reporting Standard", som er utvikla av "the Greenhouse Gas Protocol Initiative" - GHG protokollen. Dette er den mest nytta metoden for å måle utslippa av klimagassar. ISO standard 14064-I er basert på denne. Klimaregnskapet fangar opp både direkte og indirekte utslippkjelder.

Utsleppa går framleis ned i høve 2019, og da på alle områder. Noko av forklaringa må også kunne relateres corona, der aktivitetsnivået naturleg er redusert. Effekten av investering i bygg, jfr. EPC er framleis synleg.

Auken innan avfall i 2020 er noko redusert i 2021, som i hovudsak skuldast kommunen si eiga byggeaktivitet samt noko redusert avfall frå pandemi (papir, reinhald etc.).

## Årlige klimagassutslipp per Scope

Tonn CO2-ekv.	2019	2020	2021
Scope 1 Total	52.7	41.5	30.4
Transport	52.7	41.5	30.4
Scope 2 Total	172.6	168.5	153
Elektrisitet	172.6	168.5	153
Scope 3 Total	33.9	40.8	34.2
Tjenestereiser	14.4	10.4	5.2
Avfall	19.5	30.4	28.9
<b>Sum</b>	<b>259.3</b>	<b>250.8</b>	<b>217.5</b>

## 1.6 Næringsliv (Innovasjon, utbygging, landbruk og samferdsel)

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Bidra til auke i næringsareal, og om nødvendig regulere	Grunneigarar tilskrive – næringsareal Ulsåk sentrum lagt ut for sal. Kontakt grunneigarar næringsareal Brendehaugen/ Gampemyra.	Yellow
2.	Saman med regionale aktørar, utvikle og teste ut verktøy til fremje for innovasjon og entreprenørskap. (Strategisk plan for Hallingdal)	Utviklinga næringsamarbeid – «Grøn vekst» - samarbeid regionråd/ Etablerartj.	Green
3.	Rullering av Strategisk næringsplan	Gjennomføring påverka av corona – ressursituasjon hjå kommunen.	Red
4.	Vidareføre utbyggingsavtala med Hemsedal Infrastrukturselskap (HIAS) - som modell for berekraftig destinasjonsutvikling	Vert følgt opp gjennom reguleringsarbeid i Kjerneområdet. Mogeleg reforhandling av HIAS- avtala knytt til utvikl. i reg.plan Nyørk	Yellow
5.	Omsette strategi for el-bil/ kollektivtrafikk til gjennomføring. Ladepunkt – kollektivtrafikk – avklare finansering	Tiltakspunkt som er planlagt følgt opp i 2022.	Red

## Tenesteperspektivet

### 1.7 Oppvekst

Året 2021 har vore prega av stor innsats og fleksibilitet frå alle tilsette. Få ledige på arbeidsmarknaden gjorde det vanskeleg å fylle opp ekstra stillingar oppretta etter budsjettendring. Stort sjukefråvær har ført til belastning på alle leiarar og tilsette for å klare å følgje opp krav.

Arbeidet med fleire planar, viktige oppgåver og samlingar som skulen hadde planlagt saman med Veilederkorpset, vart avlyst våren 2021. Likevel har vi kome eit skritt vidare innanfor satsingsområda der alle tre skulane no arbeider med Læringsmiljø og tema frå Inkluderande barnehage og skulemiljø IBS. Nye fagplanar vert innført, men ikkje med same progresjon og på same måte som ynskja. Høgskulen på Vestlandet har ikkje klart å gi oss dei tenestene som var lova med det resultat at prosjektet «Profesjonsfagleg digital kompetanse» vart sett på vent eitt år. BTI er innført, men kan ikkje markerast fullført då tilsette framleis ikkje har tatt verktøyet i bruk slik vi ynskjer.

Barnehagane har prøvd å halde tak i arbeidet med Inkluderande miljø, men det har vore utfordrande i 2021. Grunnen er at vi har jobba hardt med å halde barnehagane opne, frå dag til dag, i ei perioden med svært høgt fråvær. Innhaldet i barnehagekvardagen har vore redusert, i.h.t. Rammeplan for barnehage. To store utfordringar har vorte synleggjort meir i denne perioden: det fyrste er pedagogane si lovfesta planleggingstid, og det andre er bemanningsnorm gjennom dagen i barnehagen si opningstid.

#### 1.7.1 Barnehagane

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Vidareutvikle og evaluere utviklingsarbeidet «Inkluderande barnehage- og skulemiljø», og ta i bruk «Betre tverrfagleg innsats» (BTI).	Foredla/- dele kunnskap på personalmøter. Digitalisert BTI	
2.	Aktivitetsplikt ved ny lov om mobbing – tilsette som rettleiar og støttar barn.	Barnesamtaler – observasjonar. Samtaler med føresette	
3.	Utarbeide og setje i verk dialektfremmande tiltak og synleggjere dei ulike kulturane som fins i barnehagen. Markere samane sin dag. Lære om identitet og ulike familieformer	Flagg frå ulike kulturar er synlege. Bøker på nynorsk ligg framme. Dialektord kvar månad.	

#### 1.7.2 Skulane

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Vidareføre arbeid med pedagogisk og administrativ samanslåing av skulane saman med Veilederkorpset.	Organisasjonsstruktur er påbegynt	
2.	Læringsmiljø - felles satsing på alle tre skulane med Veilederkorpset.	Vi er i prosess med læringsmiljø ulikt på dei tre skulane. Vi samkøyrer oss 2022.	
3.	Vidareføre samarbeidet mellom vidaregåande, ungdomsskule, PPT og skulefagleg ansvarlege og sikre god overgang.	Møter med områdedirektøren i Viken fylkeskommune gjennomført og satt i system.	
4.	Fremje dialektbruk, språk og lesing.	I årshjul og fagplanar er dialekt kome inn. Det er nedfelt i språk og leseplan.	

5.	Styrke elevane sin digitale kunnskap jf. resultat på nasjonale prøver 5. trinn og ny læreplan	Vi har ikkje motteke dei tenestene frå Høgskulen som lova. Styrkinga har vore ut frå eige kompetanse.	
6.	Digitalisere og ta i bruk «Betre tverrfagleg innsats» (BTI)	Innføring gjennomført, men vi har ikkje tatt den i bruk.	

## 1.8 Helse- og omsorgsetaten

Året 2021 har vært eit krevjande år for etaten som har hatt mange ekstra oppgåver knyta til pandemien. Det har medført mye overtid samt sjukemeldingar for tilsette i karantene. Behov for utvida areal til teststasjon og luftvegsklinikk har vist at vi er sårbare på areal innan helse.

Etaten har levert gode teneste i 2021, men tilbudet til eldre heimebuande har vært utfordrande og vi har grunn til å tru at den psykiske helsa i befolkninga er dårlegare enn før pandemien.

### 1.8.1 Helse for born og unge

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Opprette Familiens hus, forebyggende enhet for barn og unge 0-18 år	Gjennomført	
2.	Styrke kompetanse og samhandling saman med oppvekst ved å ta i bruk BTI- «betre tverrfagleg innsats»	Styrkes gjennom arbeid med Oppvekstreformen	
3.	Betre samordna behandlingstilbod til barn og unge med lette til moderate psykiske vanskar (Jf. prioriteringsvegleiar til BUP)	FACT-ung oppretta, og handlingsplan oppvekstreformen skal opprettes i Hemsedal og i Hallingdal	
4.	Innføre tilbakemeldingssystem (FIT) i Familiens hus og i tenester til vaksne, identifisere at brukar mottek rett teneste	Gjennomført i Helsehuset, skal gjennomførast i Familiens hus	

### 1.8.2 Helsetilbod for vaksne

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Utvikle «Tenester til vaksne» i Hemsedal, koordinering av tenester til vaksne innanfor friskliv, psykisk helse og Frivilligsentralen.	Helsehuset er etablert hvor Friskliv og Frivilligsentralen ligg under, planlagt oppstart av Frivilligsentral for ungdom 2022	
2.	Starte opp med helse/- meistringsrelaterte lågterskelskurs i Hallingdal	Både fysiske og webseminare	

### 1.8.3 Omsorgstenesta for eldre

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Innføre velferdsteknologi ut frå brukarbehova	Gjennomført, men kontinuerleg arbeid	
2.	Opprette dagsenter for heimeboende demente, lovpålagt	Noko redusert tilbod grunna pandemi	

3.	Ta i bruk tverrfagleg intervensjonsmodell (kartlegging) ved utfordrande åtferd ved demens	Delvis implementert	
----	---	---------------------	--

#### 1.8.4 Helsehuset

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Innføring av FACT (ambulante team) i samarbeide med Vestre Viken. Ein samarbeidsmodell for å stabilisere og behandle alvorlege, samansette og langvarige lidingar	Implementert	
2.	Styrke arbeidet for pårørande og familiar med levekårs,- og psykisk helseutfordringar	Ligg i etablering av «Helsehuset» - tilbod etablert – jf. gjennomført OU-prosess.	

#### 1.8.5 Legetenesta

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Alle medarbeidarar må gjennomgå akuttmedisinske kurs	Ikkje gjennomført, pga. pandemi	
2.	Bytte journalsystem i samarbeid med kommunane Hallingdal		

#### 1.8.6 Fysioterapi, ergoterapi og friskliv

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Styrke og utvikle eit funksjonelt hjelpemiddelkale i tilknytning til Bygdaheimen – sett i system.	Igangsett, men eit funksjonelt lokale er ikkje mogleg å få til før KE flytt til nye lokalar og ombygging av kjeller er ferdig	
2.	Forsvarleg utlån, bruk og vedlikehald av elektrisk hjelpemidlar		
3.	Tilpasse ressursar for utgreiing og tilrettelegging slik at heimebuande kan bu lengre i eigen bustad og blir meir sjølvstendig i kvardagen	Igangsett, men det krev langsiktig arbeid og meir ergoterapiressursar.	

#### 1.8.7 Bråtenjordet

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Bygge bustadar til personar med samansette behov	Igangsett og i tråd med framdriftsplan	
2.	Planlegge og sette i verk dagtilbod til brukarar som går på vidaregåande	Utført	

#### 1.8.8 Koordinerande eining (KE)/stab

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Vidareutvikle aktivitetstilbodet for personar med utviklingshemming		
2.	Betre samhandling omkring avlastningstilbod, kompetanse, bemanning og lokalitetar for åtferdsvanskar		

3.	Innarbeide «Inn på tunet» til personar med demens i tenestetilbod i kommunen i høve prosjektfinansiering	Kontinuerleg arbeid	
4.	Samordne og vidareutvikle aktivitetstilboda saman med frivilligheita, sjå Helsehuset	Igangsett	

### 1.8.9 Integreringstenesta

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Lage ein plan for korleis vi skal integrere flyktningane og få dei ut i arbeid eller som annan bidragsytar i lokalsamfunnet	Arbeide er ikkje sett i gang grunne pandemi	
2.	Betre samhandling med læringscenteret ved å ha større fokus på arbeid tidleg i programmet. Evaluere fortløpande	Kontinuerleg arbeid	
3.	Kartlegge moglege språk- og arbeidstreningsplassar i kommunen.	Arbeide er ikkje sett i gang grunne pandemi	

## 1.9 Teknisk etat

Etaten sine forvaltningsområdar, teknisk drift (vatn, avlaup og kommunale veger), eigedomsdrift (eigedomsforvaltning, vaktmeister og reinhald) og teknisk forvaltning (plan og byggesak, matrikkel, landbruk, næring og miljø) har i hovudsak levert tenester i tråd med resultatmål.

Kommunale vassverk, og reinseanlegg syner gode resultat med eit lite avvik for Ulsåk reinseanlegg. Resipientovervaking av Heimsila understøtter god drift. Innan eigedom har ein med nokre unntak gjennomført investerings- og vedlikehaldsprosjekt i tråd med plan. Spesielt reinhaldsadministrasjon og smittevernvaske har vore utfordrande. Som ei gladsak vart Hemsedal kommune premiært med IK- bygg gull pris for godt arbeid med internkontroll innan byggforvaltning.

Forvaltningsområda plan-, byggesak- og matrikkelforvaltning har hatt eit høgt aktivitetsnivå på tross av pandemien. Innføring av utvida eigedomsskatt i 2020 vart ei krevjande tilleggssoppgåve for etaten med behov for omrokking av ressursar i 2021. Lengre saksbehandlingstid, mindre kontroll og tilsyn, samt redusert tverrfagleg samhandling er noko av erfaringane frå året.

Underbemanning i nøkkelstillingar innan sentral leiing, eigedomsdrift, og forvaltningsområda landbruk, næring, plan og byggesak har gjort det krevjande å følgje opp det høge aktivitetsnivå innan spesielt bygg- og anleggsbransjen.

### 1.9.1 Eigedom

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Gjennomføre investering og drift i tråd med «plan for vedlikehald, investering og drift». Deldokument til handlings og økonomiplan.	Er i hovudsak gjennomført i tråd med plan for verksemda, men mykje utgreiingsarbeid/ koord.prosessar på tvers av fagområda knytt til nytt Sentralskuleanlegg. Restanse på ulik internkontroll (dokumentasjon inn klima m.m.). Gjennomført	

		forskningspilot knytt til alternativt reingjeringsmiddel SoftOx, som lekk i å betre innemiljø.	
2.	Prosjektkoordinering – gjennomføring av prioritert skule- og helseutbyggingar	Investeringsgjennomføring i tråd med plan – utsett avklaring i høve p-plass/ ladepkt/motorvarmarar.	
3	Gjennom naudsynte grunnnerv-prosessar for å sikre areal til bustadbygging, helse- og skuleutbyggingar	Tiltrede til grunn er sikra rundt skula, endeleg grunnnerv vert ferdigstilt i 2022.	
4	Så fort reguleringsplan for Strupa ligg føre – gjennomføre sal av Båstø	Salprosess har vore avhengig av vedtektsending i Strupa Hyttefelt Gravset, og ei reforhandling av samarbeids- og utbyggingsavtalene i tråd med reguleringsplan for området.	
5	Etablere garderobe og øvingslokale for kulturskula bak scena i Kultursalen	Gjennomført i tråd med plan – vedlikehald av kommunale bustadar i tråd med plan.	

### 1.9.2 Renovasjon, vatn og avlaup

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Gjennomføre vedlikehald, drift og investering i kommunale VA-anlegg i samsvar med hovudplan for vatn og avlaup 2018-2030	Tiltak følgjer i hovudsak plan.	
2.	Ny driftskontroll for kommunale VA-anlegg – SD-anlegg med nytt FDV- og rapporteringssystem.	Følgjer plan for gjennomføring.	
3	Starte arbeidet med nytt vannbehandlingsanlegg på Krikken	Arbeidet følgjer plan for gjennomføring.	
4	Bygge nye overføringsledningar for vatn og avløp mellom Holdebakken og Tuv	Prosjektering gjennomført – grunneigaravklaringar påstarta.	
5	Utviding av Holdebakken høgdebasseng – for å kunne levere nok vatn, samt erstatning av vassledning mellom Rådylria og Holdebakken	Gjennomføring i tråd med plan, - høgare kostnad enn opptrinnet meint – følgjer plan for gjennomføring.	
6	Etablere nytt vassverk på Krikken	Gjennomført forprosjekt for vassbehandlingsanlegg, framdrift etablering dels styrt av reg.planarbeid som er noko forsinka grunna naudsynte kulturminneutgreiing . Reg.plan vert sluttbehandla 2022.	
7	Vidareføre arbeid med «Større og færre» - renovasjonspkt. i regi av Hallingdal Renovasjon.	Reguleringsprosess for nytt returpunkt Gravset er igangsatt, mange prosessvedtak vedkommande lokalisering har forsinka framdrift. Fysisk opparbeiding av returpkt. Langeset er ferdigstilt. Påstarta planprosess for returpkt. Ershovd og området Lio/ Tuv.	

### 1.9.3 Veg- og anlegg

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Gjennomføre vedlikehald, drift og investering i kommunale vegar i samsvar med hovudplan for veg 2020-2027	Følgjer plan for gjennomføring. Nytt brøyteanbod med vesentleg kostnadsauke.	
2.	Trafikkavbøtande tiltak	Starta opparbeiding av ny busshaldeplass Svø bustadfelt, samt opparbeida ny førebels parkeringsplass Ulsåk oppvektssenter.	
3	Resertifisering av kommunen som «Trafikksikker kommune»	Starta opp, men ikkje gjennomført i tråd med plan	

## 1.9.4 Matrikkel, plan og byggesak

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Basert på revidert tilsynsstrategi, auke tall tilsyn (stikkprøver) med fokus på avfallshandtering i byggesak og ulovleg byggearbeid	Ikkje gjennomført utover heilt nødvendige tiltak.	
2.	«Interkommunalt VA-kontor» - oppdatert forvaltningsplan for VA	Ny forvaltningsplan på høyring vedkommande vassområde Hallingdal. Se egen årsmelding frå KAV.	
3	«Prosjekt senger i næring» - avklare juridisk grunnlag for oppfølging	Ikkje gjennomført jfr. corona og vakans i stillingar.	
4	Gjennomføre planar i tråd med vedteke planstrategi	Lengre saksbehandlingstid av private planar enn normalt grunna corona og ressursituasjon på etaten. Stort etterslep, sjå egne tertialrapportar 2021.	

## 1.9.5 Landbruk, miljø og næring

	Mål 2021 - Tiltak knytt til målområda	Status	
1.	Prosjekt «attraktivt sentrum» - driftsmodell som fjernar eigarlaust søppel, avklarar ønskja infrastruktur med grøntanlegg.	Ikkje gjennomført grunna corona- og ressursituasjon generelt. Modell for utbyggingsavtale sikrar finansiering av infrastruktur og grøntanlegg. Etablert prosjektplan for «Grøn mobilitet», og vidare stadsutviklingsprosesser.	
2.	Corona – statleg tiltakspakke for næringslivet	Forvaltning av tilskotsordninga er følgt opp i tråd med sentrale føringar. Samla 12,5 mill er løyvd til næringslivet i kommunen fram til årsskifte.	
3	Auke tilsyn og kontroll i høve til driveplikt på jordbruksareal	Ikkje gjennomført grunna corona- og ressursituasjon. Utarbeida underlag for politiske strategiar for oppfølging, behandling 2022.	
4	Oppretthalde talet på miljøfyrtårnverksemder, og stimulere til minst fire nye «Miljøfyrtårnverksemder» i året	Grunna corona har fleire verksemder problem med å fornye sertifisering. Ingen nye, men 4 nye er i «prosess».	

## 1.10 Kultur

Året 2021 er eit markant år for kulturen i Hemsedal. Dette året viste det politiske miljøet vilje til å satse på kulturen ved å opprette stilling som kultursjef.

Kultursjef i 70 % var på plass i mai, men gjekk ut i permisjon i midten av juni. I slutten av september var kultursjefen tilbake, og fylte då også stillinga som 30 % kulturkonsulent.

Kulturkonsulenten har permisjon frå si stilling til august 2022, for å fylle andre oppgåver i kommunen. Det er utfordrande å ivareta fagområde med gjeldande stillingsprosenten, og ein bør jobbe for å auke stillingsomfanget til to personar i stillingane som kultursjef og kulturkonsulent.

### 1.10.1 Kulturskulen

Kulturskulen skifta leiar ved oppstart til nytt kulturskuleår. Deler av tilbodet har lidd som følgje av at ekstern tilbydar ikkje har klart å skaffe vikar ved langtidssjukmelding. Dette har igjen gått utover rekrutteringa, og til dels omdømet til faga som har hatt ustabilitet og avlysingar.

	Mål 2021. Tiltak knytt til målområda	Status	
1	Ha eit variert kulturskuletilbod der alle får minst eitt tilbod	Ingen på venteliste	Green
2	Utvikle arealet til kulturskulen, samt utstyr for framtida	Utvikling av bandtilbodet stansa opp pga. smittesituasjon. Midlertidig omdisponering av arealet til kontor. Noko oppgradering av utstyr til bandrommet.	Yellow
3	Større breidde i kulturskuletilbodet som famnar både alder og kjønn, spesielt med tanke på tekniske fag	Utvikling krev ressursar. Ikkje prioritert pga. smittesituasjonen.	Red
4	Lokale fagplanar	I gang med å utvikle lokale fagplanar som er forankra i Norsk Kulturskoleråd sin rammeplan.	Yellow

### 1.10.2 Biblioteket

Biblioteket har tilpassa tilbodet godt til dei gjeldande smittevern-restriksjonane, og har klart å ha nær normal drift. Lokala til biblioteket er ein attraktiv arena for arrangement inntil 50 personar, men på grunn av pandemien har det vore få arrangement i 2021. Eit av høgdepunkta i 2021 var opninga av «Øko-filosofisk bibliotek», som rommar Nils Faarlund si unike boksamling. Biblioteket har stabilt høge besøks- og utlånstal, og dei tilsette har meir enn nok å gjera med den daglege drifta. Dette er noko av forklaringa på at måla for 2021 ikkje er oppfylt.

	Mål 2021. Tiltak knytt til målområda	Status	
1	Plan for ominnreiing. Gjere lokala betre eigna for yngre og fleire elevar knytt til den nye skulen.	Har ikkje starta opp med arbeidet.	Red
2	Meir ope og sjølvbetent bibliotek, det vil seie legge til rette for at brukarar av biblioteket kan få tilgang til biblioteket sine lokale og samlingar utanom ordinær opningstid.	Har ikkje starta opp med arbeidet.	Red
3	Plan for bibliotektenestane – framtidsetta tenester	Har ikkje starta opp med arbeidet, og vurderer at dette er meir aktuelt å ta som del av kulturplan.	Red

### 1.10.3 Fritidsklubben

Trass utfordringar knytt til pandemien har Ungdomsklubben klart å gjennomføre sine aktivitetar, og skateparken og basketkorg utanfor klubben blir mykje brukt av alle aldersgrupper. Tilbodet er populært, og dei opplever at ungdom frå andre kommunar i Hallingdal besøker ungdomsklubben i Hemsedal. Fritidsleiaren samarbeider med Psykisk Helse om tilbod til 5.-10.klasse etter skuletid. På grunn av stor popularitet og mange deltakarar, har dei sett seg nøydd til å avgrense tilbodet til å gjelde 5. og 6.klasse, ettersom 7. klasse og oppover kan gå på klubben.

## 2 Medarbeidarperspektivet

### 2.1 Samarbeid med tillitsvald og vernetenesta

Det er eit godt og etablert samarbeid ute i verksemdene, og på kommunedirektørnivå. Arbeidsmiljøutvalet er eit samarbeidsorgan som fungerer bra i kommunen, men det er viktig å ha fokus på samarbeid også utover dette. Det har vore hyppig bytte av øvste leiar i kommunen, noko som påverkar dette samarbeidet. Hovudverneombod kom på plass i år etter å ha stått vakant lenge. Det er veldig bra for organisasjonen.

### 2.2 Kompetanseutvikling

Kommunane i Hallingdal har samarbeidet om leiarkurs med KS som foredragshaldar med følgjande tema:

1) Endringsledelse, 2) Organisasjons og innovasjonsledelse, 3) Læringsledelse.

Hovudverneombod har vore på kurs om Arbeid i arbeidsmiljøutvalg, i regi av Arbeidsmiljøsentret.

KS gjennomførte kurs i Sentralt avtalekurs digitalt, og det var mange leiarar frå Hemsedal som deltok.

Kommunane i Hallingdal har også samarbeidet om desentralisert sjukepleiaropplæring. Aktuelle søkjarar som mangla kompetanse for å oppfylle kriteria og opptakskrava til dette studiet, fekk tilbod om kurs.

Det er også eit samarbeid og møteaktivitet med Viken fylkeskommune og Folkeuniversitetet.

Det er mykje godt arbeid både internt i etatane og i Hallingdal når det gjeld kompetanseheving, men det er vanskeleg å ha god oversikt over arbeidet som blir utført på dette området på tvers av kommune/etat. Det er oppretta eit overordna kompetanseutval for kommunane i Hallingdal for å samordne arbeidet betre.

### 2.3 Arbeidsmål

	Mål 2021 – Tiltak knytt til målområda	Status	
	<b>Etikk og samfunnsansvar</b>		
1.	Oppfylle krav i EUs Personvernforordning og følgje opp GDPR (General Data Protection Regulation)	Det jobbast kontinuerleg, men har vore litt lite kapasitet under Covid-19.	
2.	Legge til rette for inntak av lærlingar og arbeidspraksis.	Har fått budsjettmidlar og lærling i 21.	
3.	Rullere og følgje opp kommunen sine etiske retningslinjer.	Arbeidet starta i 2020, fullført i 21.	
	<b>Politikk og administrasjon</b>		
1.	Arbeidsgjevarstrategi gjennom folkevaldopplæring og møter for å få ei god forståing av kvarandre sine roller.	Igangsett	
2.	Forankre «årshjul» som styrer den formelle samhandlinga mellom politikk og administrasjon.	Igangsett	
	<b>RAUS og helsefremjande arbeidsplass</b>		
1.	Vidareutvikle det sosiale årshjulet for å skape fellesskap med sosiale aktivitetar som til dømes julebord.	Ikkje relevant under Covid-19. Ble gjennomført julebord i 2021.	
2.	HMS-arbeidet skal ha fokus på risikovurdering av fysisk og psykisk helse, vernerundar og internrevisjon samt følgje opp avvik og forbetringspotensiale med tiltak ute i verksemdene.		

3.	Gjennomføring av KS - 10 faktor medarbeidarundersøking.	Ikkje gjennomført, flytta til haust 22.	
4.	Arbeide for at eigen/sjukemeldt fråvær ikkje skal overstige 6 %.	Resultat 7,2 %, Covid-19 også i 2021.	
<b>God leiing</b>			
1.	Rutine for medverknad	Igangsett- temafokus, sist endra i 2019	
2.	HMS Hovudbok	Oppdateres, men revideres ved flytting til ny publiseringskanal 2022.	
3.	Arbeidsreglement	Igangsett, men ikkje fullført	
4.	Arbeidsgjevarstrategi	Ikke igangsett.	
5.	Rutine for bruk av digital kommunikasjonskanalar	Ikke igangsett.	
6.	Etiske retningslinjer	Gjennomført	
7.	Permisjonsreglement	Igangsett, men ikkje fullført.	

## 2.4 Sjukefråvær


Sjukefråværstala har totalt for Hemsedal kommune inkl. eigenmeldt fråvær dei 4 siste åra vore følgjande:

<b>2021</b>	7,20 %	<b>2020</b>	7,38 %	<b>2019</b>	6,84 %	<b>2018</b>	5,61 %
-------------	--------	-------------	--------	-------------	--------	-------------	--------

Tala ovanfor er inkl. eigenmeldt fråvær. For offentlig statistikk som rapporterast til dømes av NAV er grunnlaget legemeldt fråvær. Tala ovanfor er difor naturleg høgare.

Korttidssjukefråvær var 2,3 % i 2021, mot 1,7 - 1,9 % for åra 2016 - 2019. Covid-19 er truleg årsaka til dette. Det er for året 2021 i arbeidsgjevarperioden som er dei fyrste 16 kalenderdagane av fråværet, registrert eit fråvær på 0,9 % relatert til Covid-19. Statistikken under viser fråvær pr. månad for åra 2018 – 2021. Dei to siste månadene av året vart prega av auke i lokal smitte og omfattande karantenepålegg. Sjukefråværet auka i same periode til opp mot 10 %.

### Utvikling i sykefravær 2018 - 2021



## 2.5 Internkontroll

Kommunedirektøren har ansvar for internkontroll i kommunen. Gjennom året har dette vore tema i leiargruppa. Ny kommunelov og ny personvernforordning set strengare krav til internkontrollen. Kommunen har saman med dei andre kommunane i Hallingdal starta arbeidet med å auke sin innsats på dette området. Det er mellom anna kjøpt eit system som heiter Samsvar. Dette systemet har ein eigen modul som heiter kommuneplikter. Det skal ivareta kommunedirektøren sitt ansvar for innsyn i forhold til internkontroll. Samsvar inneheld også modulane dokumenthandtering og avvik.

## 2.6 Etikk

Kommunen er avhengig av godt omdømme og tillit frå omverda, både frå innbyggjarar, andre offentlege og private interessentar, media og andre. Å opptre etisk er grunnleggjande for å oppretthalde tillit og truverd. Nye etiske retningslinjer for tilsette og folkevalde i Hemsedal kommune ble ferdigstilt og vedtatt av kommunestyret 5. mari 2021. Retningslinjene er gjennomarbeida av leiargruppa, og ligg i HMS- boka som sentralt styringsdokument. Kommunedirektør har oppfordra alle til å ta retningslinjene aktivt i bruk. Retningslinjene sikrar at kvar enkelt med personalansvar skal forankre rutinen i organisasjonen, frå nytilsetting til drift. Kommunestyret har på politisk arbeidsdag drøfta etiske problemstillingar som folkevalt, i samband med revidering av retningslinjene. Tema har også vore behandla i AMU som eigen sak.

## 2.7 Likestilling

Hemsedal er ei kommune med stort mangfald som legg vekt på lik behandling uansett rase, religion eller etnisitet. I handlingsprogram for 2021 var det ikkje satt spesifikke mål for aktivitetsplikten etter Likestillings- og diskrimineringslova §26. Aktivitetsplikten vert ivareteke gjennom rutinar i personalhandboka, og er sentralt i samband med utlysingar og rekrutteringsarbeid. Dette er også ivareteke gjennom drøftingar og vurderingar i samband med lønnsforhandlingar.

Tabellen viser at vi har overvekt av kvinner i organisasjonen, noko som er normalt i kommunesektoren. Fordelinga av kvinner og menn er for Hemsedal sin del lik på fjoråret når man ser på total del i prosent, men organisasjonen har sidan fjoråret fått 6 nye kvinner og 3 nye menn. Alle verksemdene har overvekt av kvinner med unntak av ungdomsklubben som er registrert som øvrig oppvekst. Det har blitt fleire menn i sentraladministrasjonen. Kommunedirektøren si leiargruppa bestod pr. 1.12.2021 av 7 kvinner og 1 mann.

## Prosent av antall kvinner og menn i ulike sektorer i Hemsedal kommune

Pr. 1.12.2021 basert på PAI-registeret. Tabellen inneholder bare hovedstillinger.

Sektor	Antall		Andel (i prosent)	
	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
I ALT	224	53	81	19
Sentraladministrasjonen	13	1	93	7
Oppvekst	99	15	87	13
Grunnskole	64	12	84	16
Barnehager	33	2	94	6
Fritidshj/skolefritidsordn	2	0	100	0
Øvrig oppvekst	0	1	0	100
Helse/sosial	91	20	82	18
Administrasjon	3	1	75	25
Alm helsevern	22	3	88	12
Alders- og sykehjem	26	3	90	10
PU	14	9	61	39
Hjemmehjelp/-sykepleie	24	4	86	14
Andre virksomheter	2	0	100	0
Kultur	3	1	75	25
Teknisk sektor	17	16	52	48
Ymse	1	0	100	0

### 3 Økonomiperspektivet

#### 3.1 Driftsrekneskap

NOK 1 mill.	År 2021	Budsjett	Oppr.budsj.	I fjor
Sum driftsinntekter	367 131 808	316 501 976	284 571 548	316 080 095
Sum driftsutgifter	328 370 765	314 213 164	289 395 540	294 333 448
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>38 761 043</b>	<b>2 288 812</b>	<b>-4 823 992</b>	<b>21 746 647</b>
Netto finansutgifter	-10 522 915	-12 600 000	-8 521 000	-10 972 818
Motpost avskrivninger	15 269 020	14 177 696	14 177 696	14 177 695
<b>Netto driftsresultat</b>	<b>43 507 148</b>	<b>3 866 508</b>	<b>832 704</b>	<b>24 951 524</b>
<i>Netto driftsmargin</i>	<b>11,9 %</b>	<b>1,2 %</b>	<b>0,3 %</b>	<b>7,9 %</b>


Hemsedal kommune har i 2021 eit netto driftsresultat på 43,5 mill. Det er 39,6 mill. høgare enn budsjett og 18,5 mill. meir enn året før.

Netto driftsmargin er på 11,9 %. Driftsmarginen er såleis godt innafor det finansielle måлтаlet om netto driftsresultat på gjennomsnittleg 1% av driftsinntektene for utvikling av kommunen sin økonomi (vedtatt i økonomiplan 2021-2024).

Den positive utviklinga mot året før skuldast i all hovudsak høgare skatteinntekter og auka inntekter frå sal av kraft. Sum driftsinntekter er 51 mill. (+16,2 %) høgare enn året før.

Vidareformidling av tilskot til næringslivet aukar baae inntekter og utgifter med nær 12 mill. i 2021. Justert for dette aukar driftsutgiftene med 22,1 mill. (+7,5 %). Auka skuldast i all hovudsak høgare lønskostnadar som følgje av pandemien.

Netto finansutgifter er 0,5 mill. lågare i 2021 enn året før trass 100 mill. auke i langsiktig gjeld. Lågare rentesats kompenserer for auke i avdrag.




Grafen over, Netto driftsresultat 2017-2021, syner at kommunen dei siste åra har budsjettert meir pessimistisk enn faktiske tal. Uvisse knytt til inntekter frå kraft, innføring av eigedomsskatt, utvikling i pensjonskostnadar og nye tilskot (ikkje kjende på budsjetteringstidpunktet) har vore kjelde til større avvik. I tråd med ny kommunelov og for å sikre gode grunnlag for avgjerd jobbar administrasjonen vidare med å betre arbeide med budsjettendringar gjennom året.

### 3.2 Vesentlege avvik imellom årsbudsjettet og årsregnskapet

I 2021 blei siste budsjettendring vedteke i desember. Det var då framleis uvisse knyta til utvikling i skatteinntekter og endeleg inntekt frå sal av kraft. Kommunen valde å ikkje endre inntektsbudsjettet ytterlegare då det uansett ikkje ville påverke løyvingane.

Grafen under visar dei største avvika frå budsjett til rekneskap 2021.



Dei vesentlege avvika kjem som følgje av:

- Høgare skatteinngang enn venta (folketalsvekst og framleis høg snittskatteinntekt)
- Meirarbeid knyta til pandemien
- Nye ekstraordinære næringsstilskot til vidareformidling ifm pandemien
- Auka tal på flyktningar
- Høgare straumprisar
- Høg byggjeaktivitet og fleire igangsettingsløyver
- Fleire prosjektilskot
- Redusert investeringstakt og lågare rente

Inntektsavvika blir omtala meir i avsnitta som følgjer. Avvika vert ikkje vurdert til å vere av ein slik karakter at dei påverkar den økonomiske handleevna negativt over tid.

### 3.3 Vesentlege avvik frå kommunestyret sine premisser for bruk av løyvingar

Kap. 3 og 4 viser skjematisk oversikt over kommunestyret sine satsingar. Måloppnåing er gradert i fargar. Covid-19 pandemien og underbemanning i nøkkelstillingar har framleis påverka fleire av leveransane.

Avvik frå premissane vert vurdert til i hovudsak å vere på strategisk overordna nivå der resultatet er venta å komme på lengre sikt. Arbeidet med dei ulike satsingane vert vidareført til 2021. Avvika vert difor vurdert til å vere av ikkje vesentleg karakter.

### 3.4 Driftsinntekter

	Regnskap 2021	Budsjett 2021	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor	Avvik mot budsjett	Mot fjoråret kr	Mot fjoråret %
<b>Driftsinntekter</b>							
Rammetilskot	76 913 697	78 577 650	78 577 650	75 876 400	-1 663 953	1 037 297	1,4 %
Inntekts- og formuesskatt	105 168 546	88 502 000	92 902 000	93 400 098	16 666 546	11 768 449	12,6 %
Eigedomsskatt	32 017 607	31 544 812	30 444 812	22 352 154	472 795	9 665 453	43,2 %
Andre skatteinntekter	7 510 034	7 400 000	3 000 000	7 483 546	110 034	26 488	0,4 %
Overføringar/tilskudd fra staten	20 945 785	13 427 603	4 964 603	6 499 931	7 518 182	14 445 854	222,2 %
Overføringar/tilskot fra andre	56 168 430	38 165 673	31 590 173	57 327 338	18 002 757	-1 158 908	-2,0 %
Brukerbetalingar	9 682 006	10 105 673	10 105 673	8 705 605	-423 667	976 401	11,2 %
Sals- og leigeinntekter	58 725 703	48 778 565	32 986 637	44 435 023	9 947 138	14 290 680	32,2 %
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>367 131 808</b>	<b>316 501 976</b>	<b>284 571 548</b>	<b>316 080 095</b>	<b>50 629 832</b>	<b>51 051 714</b>	<b>16,2 %</b>

Sum driftsinntekter er på 367,1 mill. i 2021. Det er ein auke på 50,6 mill. mot budsjett og 51,1 mill. mot året før.

Rammetilskot og inntekts- og formuesskatt er på til saman 182,1 mill. i 2021. Det er ei auke på 15,0 mill. mot budsjett og 12,8 mill. (+7,6 %) mot året før. (Fjorårstala er korrigert med 4,4 mill. i naturressursskatt som er flytta til Andre skatteinntekter i tråd med krav til KOSTRA-rapportering.)

Skatt pr. innbyggjar endar på 118,4 % av landsgjennomsnittet i 2021. Inntektsutjamninga gjev dermed ei reduksjon på rammetilskotet på 11,3 mill.

Inntekt frå eigedomsskatt er på 32,0 mill. i 2021. Det er ei auke på 0,5 mill. mot budsjett og 9,7 mill. (+43,2 %) mot året før. Auka mot året før kjem som følgje av auka skattesats.

I 2021 vart det utskriven eigedomsskatt i Hemsedal kommune med følgjande satsar:

- 2 ‰ på bustad og fritidsbustad (opp frå 1 ‰ året før)
- 7 ‰ på næring og kraftanlegg (lik sats som året før)

Utviklinga i frie inntekter dei siste åra har vore positiv, og må sjåast i lys av vekst i folketal og ambisjonar om vidare utvikling.

Overføringar og tilskot er til saman på 77,1 mill. i 2021. Det er ei auke på 25,5 mill. mot budsjett og 13,3 mill. (+ 20,8 %) mot året før.

- Integreringstilskot 3,5 mill.
- Næringstilskot til vidareformidling 12 mill. (Aukar overføringar til andre tilsvarande)

I tillegg kjem auke i diverse prosjekttilskot innan helse og omsorg og kultur og oppvekst, tilskot for vidareutdanning og refusjon for kostnader knyta til levering av ressurskrevjande tenester. Tilskota går til dekning av auke i løn.

Endeleg utbetaling av refusjon for ressurskrevjande tenester er fyrst klar i mai 2022. Inntekta som ligg til grunn i årsrekneskap 2021 er ei foreløpig avsetjing på 9,0 mill. Det er noko uvisse knyta til berekninga, så det som i tidlegare år bli endringar når faktiske tal foreligger.

Auke i sals- og leigeinntekter kjem som følgje høgare inntekter frå sal av kraft.

### 3.5 Driftsutgifter

	Regnskap 2021	Budsjett 2021	Oppr.budsjet	Regnskap i fjor	Avvik mot budsjett	Mot fjoråret kr	Mot fjoråret %
<b>Driftsutgifter</b>							
Løn og sosiale utgifter	186 370 991	178 720 973	173 451 045	168 927 922	7 650 018	17 443 068	10,3 %
Kjøp av varer og tenester	98 088 494	94 174 668	90 857 168	95 142 809	3 913 826	2 945 684	3,1 %
Overføringar/tilskot til andre	28 642 260	27 139 827	10 909 631	16 085 021	1 502 433	657 239	4,1 %
Avskrivningar	15 269 020	14 177 696	14 177 696	14 177 695	1 091 324	1 091 326	7,7 %
<b>Sum driftsutgifter</b>	<b>328 370 765</b>	<b>314 213 164</b>	<b>289 395 540</b>	<b>294 333 448</b>	<b>14 157 601</b>	<b>22 137 318</b>	<b>7,5 %</b>

Sum driftsutgifter er på 328,4 mill. i 2021. Det er 14,2 mill. høgare enn budsjett og 22,1 mill. meir enn året før. Auka i driftsutgifter kjem i all hovudsak som følgje av høgare løn og sosiale utgifter.

Avskrivningar aukar med 1 mill. mot året før og 1 mill. mot budsjett. Ei større gjennomgang av anleggsregisteret har ført til ekstra av- og nedskrivningar av anleggsmidlar. Dette påverkar ikkje netto driftsresultat da kommunale rekneskap opererer med motpost for avskrivningar under finans.

### 3.6 Løn og sosiale utgifter

Løn og sosiale utgifter er på 186,4 mill. i 2021. Det er 7,7 mill. høgare enn budsjett og 17,4 mill. meir enn året før. Sjukefråvær og fødselspermisjonar aukar kommunen sine lønsutgifter til vikarar og ekstrahjelp. Korrigert for inntekter frå sjukelønsrefusjonar og fødselspengar, er samla løn og sosiale utgifter 0,9 mill. lågare enn budsjett, men utviklinga mot året før aukar til 19,1 mill. (+12 %) grunna lågare refusjonar.

I tråd med anordningsprinsippet har Hemsedal kommune i 2021 avsett 2,2 mill. i variabel løn frå desember utbetalt i januar 2022. Det er ikkje gjort i tidlegare, slik at årets rekneskap innehald 13 månader med variabel løn.

Arbeidskvardagen har vore utfordrande som følgje av pandemien, periodevis høgare fråvær og vakansar. Særleg siste del av året var det ei urovekkande utvikling i variable lønskostnader i takt med auke i smittetal og karantenekrav. Det er difor store avvik mot budsjett for ulike lønsartar. Heile 15 mill. i reduksjon i fastløn, 6 mill. i lågare pensjon og 9 mill. i høgare lønsrefusjonar kompenserer for så mykje som 30 mill. i auke i overtid, vikar og ekstrahjelp.

Den store auka i løn og sosiale utgifter mot året før skuldast delvis ei auke i pandemirelaterte lønskostnader, delvis ei auke i årsverk innan oppvekst og helse og omsorg for å lever fleire ressurskrevjande tenester og delvis låge kostnader året før grunna vakansar.

Avvik mot budsjett og utvikling mot året for dei ulike lønsartane kan sjåast i grafen på neste side.

## Løn med refusjonar, arb.giv.avgift og pensjon

NOK 1 mill.



Arbeidskraft er ein viktig faktor i det kommunale tenestetilbodet. Samla for kommunen utgjer løn og sosiale kostnader eks. refusjonar 54 % av sum driftsutgifter. Utviklinga er uendra frå året før.

Kontroll på lønskostnadene og utviklinga av desse har alltid vore viktig for kommunane. Etter som fleire tenester blir lagt ut i IKS'er eller anna samarbeid på tvers av kommunane, blir det vel så viktig å følgje utvikling i kostnadar til kjøp av tenester.

### 3.7 Prosjektrekneskap for pandemien

Hemsedal kommune har ført prosjektrekneskap for koronarelaterte kostnader og ekstra tilskot og rammeoverføringar knyta til pandemien. Prosjektrekneskapen synar eit meirforbruk på 2,5 mill. Næringsstilskot til vidareformidling er halde utanom.

Av samla koronarelaterte kostnadar på 8,8 mill. utgjer løn og sosiale kostnadar 5,7 mill. (65 %).

	År 2021	Budsjett	Avvik i kr
Løn og sosiale kostnadar	5 735 397	2 368 563	3 366 834
Kjøp av varer/tenester som inngår i komm.tenesteprod.	1 723 556	1 539 250	184 306
Kjøp av tenester som ersattar komm.tenesteprod.	1 327 599	1 200 000	127 599
Redusert salsinntekter	-	151 000	- 151 000
Refusjonar	- 3 391	52 000	- 55 391
<b>Sum koronarelaterte kostnadar</b>	<b>8 783 161</b>	<b>5 310 813</b>	<b>3 472 348</b>
Ekstra rammetilskot og skjønsmidler	6 329 000	3 138 650	3 190 350
<b>Udekka koronarelaterte kostnadar</b>	<b>2 454 161</b>	<b>2 172 163</b>	<b>281 998</b>

## 3.8 Verksemdene

	År 2021	Budsjett	Oppr.budsjett	I fjor
<b>Sentraladministrasjon</b>				
Utgifter	31 626 658	31 152 013	27 286 513	26 814 906
Inntekter	- 1 945 518	- 1 128 000	- 1 283 000	- 2 439 244
<b>Netto bevilling sentraladministrasjon</b>	<b>29 681 140</b>	<b>30 024 013</b>	<b>26 003 513</b>	<b>24 375 662</b>
<b>Oppvekst</b>				
Utgifter	85 521 960	79 844 267	78 200 839	82 344 751
Inntekter	- 17 747 617	- 11 055 101	- 10 169 601	- 20 102 029
<b>Netto bevilling oppvekst</b>	<b>67 774 342</b>	<b>68 789 166</b>	<b>68 031 238</b>	<b>62 242 721</b>
Helse og omsorg				
Utgifter	113 676 644	103 390 217	101 390 217	108 096 977
Inntekter	- 40 075 778	- 32 166 995	- 26 481 995	- 33 048 257
<b>Netto bevilling helse og omsorg</b>	<b>73 600 866</b>	<b>71 223 222</b>	<b>74 908 222</b>	<b>75 048 720</b>
Teknisk				
Utgifter	82 758 604	85 648 971	68 340 275	68 397 400
Inntekter	- 43 145 702	- 36 747 887	- 36 747 887	- 45 792 426
<b>Netto bevilling teknisk</b>	<b>39 612 902</b>	<b>48 901 084</b>	<b>31 592 388</b>	<b>22 604 975</b>
<b>Finans, pensjon m.m.</b>				
Utgifter	- 482 121	-	-	- 5 498 281
Inntekter	- 21 661 523	- 15 951 928	-	- 9 086 010
<b>Netto bevilling finans, pensjon m.m.</b>	<b>- 22 143 644</b>	<b>- 15 951 928</b>	<b>-</b>	<b>- 14 584 291</b>
<b>Sum netto bevilling drift pr budsjettområde</b>	<b>188 525 606</b>	<b>202 985 557</b>	<b>200 535 361</b>	<b>169 687 787</b>

Av sum netto bevilling drift på 203 mill. i budsjett har verksemdene samla eit netto mindreforbruk på 14,5 mill. i 2021. Oppvekst og Teknisk har eit netto mindreforbruk, medan Sentraladministrasjonen er på budsjett og Helse og omsorg har eit netto meirforbruk.

Alle verksemdene i Hemsedal kommune er som året før råka økonomisk av pandemien, med høgare utgifter til mellom anna beredskap, smittesporing, karantene, kohortinndeling og reinhald og kjøp av medisinsk utstyr.

### 3.8.1 Kommunedirektør med stab

Eininga for Kommunedirektør med stab er rekneskapsmessig delt i to. **Sentraladministrasjon** syner sjølve drifta, medan **Finans** syner effekten av driftsuavhengige inntekter som sal av kraft, premieavvik pensjon, renter og avdrag.

I 2021 vert Kultur flytta frå Oppvekst til Sentraladministrasjon. Samanlikning mot året før er difor ikkje like relevant for desse verksemdene. Omorganiseringa vart gjort midt i året, noko som skapte utfordringar knyta til fordeling av budsjettert bevilling.

	År 2021	Budsjett	Oppr.budsjett	I fjor	Avvik i kr
LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	16 766 495	16 116 000	15 148 000	14 255 722	650 495
KJØP AV VARER/TJENESTER KOMMUNAL EGENPROD.	5 921 388	5 863 500	4 279 000	4 626 977	57 888
KJØP AV TJENESTER ERSTATTER KOMMUNAL EGENPROD.	7 326 305	7 331 513	7 331 513	6 919 046	-5 208
OVERFØRINGSUTGIFTER	1 612 471	1 391 000	528 000	1 013 162	221 471
SALGSINNT EKTER	-408 159	-582 000	-742 000	-634 707	173 841
REFUSJONER	-1 521 817	-546 000	-541 000	-1 797 270	-975 817
OVERFØRINGSINNT EKTER	-15 541	0	0	-7 268	-15 541
<b>Sentraladministrasjon</b>	<b>29 681 140</b>	<b>29 574 013</b>	<b>26 003 513</b>	<b>24 375 662</b>	<b>107 127</b>

**Sentraladministrasjonen** er på budsjett i 2021. Faste lønnskostnader er 0,7 mill. lågare enn budsjett grunna vakanse. Det er ei tilsvarande auke i vikarløn.

Sentraladministrasjonen har i 2021 hatt auka oppgåver knytt til virusutbrotet, innføring av nytt arkivsystem og internkontrollsystem.

	År 2021	Budsjett	Oppr.budsjett	I fjor	Avvik i kr
LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	-2 021 411	370 000	0	-6 927 116	-2 391 411
KJØP AV VARER/TJENESTER KOMMUNAL EGENPROD.	3 099	80 000	0	2 411	-76 901
KJØP AV TJENESTER ERSTATTER KOMMUNAL EGENPROD.	300 000	0	0	300 000	300 000
OVERFØRINGSUTGIFTER	1 236 191	0	0	1 126 424	1 236 191
SALGSINNT EKTER	-21 586 458	-15 951 928	0	-9 010 530	-5 634 530
REFUSJONER	-75 065	0	0	-75 480	-75 065
<b>Finans</b>	<b>-22 143 644</b>	<b>-15 501 928</b>	<b>0</b>	<b>-14 584 291</b>	<b>-6 641 716</b>

**Finans** har eit netto mindreforbruk på 6,6 mill. grunna høgare inntekter frå sal av kraft og pensjon.

Det er inga tilsett i denne eininga, men den årvisse endringa i pensjonskostnader vert ført her for å ikkje påverka ramma for verksemdene.

### 3.8.2 Oppvekst

	År 2021	Budsjett	Oppr.budsjett	I fjor	Avvik i kr
LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	71 083 797	67 139 084	65 435 656	66 470 896	3 944 713
KJØP AV VARER/TJENESTER KOMMUNAL EGENPROD.	7 654 318	7 068 650	7 095 650	7 256 174	585 668
KJØP AV TJENESTER ERSTATTER KOMMUNAL EGENPROD.	2 709 480	2 368 133	2 368 133	4 366 879	341 347
OVERFØRINGSUTGIFTER	4 074 365	3 268 400	3 301 400	4 250 802	805 965
SALGSINNT EKTER	-5 757 619	-5 854 673	-5 854 673	-4 889 158	97 054
REFUSJONER	-11 954 468	-5 200 428	-4 314 928	-14 321 348	-6 754 040
OVERFØRINGSINNT EKTER	-35 530	0	0	-891 523	-35 530
<b>Oppvekst</b>	<b>67 774 342</b>	<b>68 789 166</b>	<b>68 031 238</b>	<b>62 242 721</b>	<b>-1 014 824</b>

Av netto bevilling på 68,8 mill. i budsjett, har **Oppvekst** eit samla mindreforbruk på 1,0 mill. Eininga fekk styrka bevilling i budsjettendring som følgje av behov for auka ressursar for handtering av pandemien og levering av ressurskrevjande tenester.

Auke i tilskot og sjukelønsrefusjonar og fødselspengar kompenserer for auke i løn og sosiale kostnader.

### 3.8.3 Helse og omsorg

	År 2021	Budsjett	Oppr.budsjett	I fjor	Avvik i kr
LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	75 696 722	68 579 864	67 078 364	70 942 804	7 116 858
KJØP AV VARER/TJENESTER KOMMUNAL EGENPROD.	7 438 152	5 258 467	5 258 467	7 809 812	2 179 685
KJØP AV TJENESTER ERSTATTER KOMMUNAL EGENPROD.	28 746 510	28 352 405	27 752 405	27 572 498	394 105
OVERFØRINGSUTGIFTER	1 795 261	1 199 481	1 300 981	1 771 862	595 780
SALGSINNTEKTER	-4 833 617	-5 163 000	-5 163 000	-4 662 176	329 383
REFUSJONER	-35 180 036	-27 003 995	-21 318 995	-28 240 326	-8 176 041
OVERFØRINGSINNTEKTER	-62 126	0	0	-145 755	-62 126
<b>Helse og omsorg</b>	<b>73 600 866</b>	<b>71 223 222</b>	<b>74 908 222</b>	<b>75 048 720</b>	<b>2 377 644</b>

Av netto bevilling i budsjett på 71,2 mill. har **Helse og omsorg** eit meirforbruk på 2,4 mill. Eininga fekk styrka bevilling i budsjettendring som følgje av behov for auka ressursar for handtering av pandemien og levering av ressurskrevjande tenester. Det er ei større underliggende auke i lønskostnadar innan Helse og omsorg av same grunn. Avsetjing av variabel løn for desember utgjør 1,4 mill. Auke i tilskot og refusjonar, sjukelønsrefusjonar og fødselspengar kompenserer for anna auke i løn og sosiale kostnader.

#### Refusjon Avsetjing

Refusjonskrav til Stavanger kommune for levering av barneverntenester utgjør 6,7 mill. Desse teneste er primært levert i tidlegare år. Stavanger kommune har komen med motsegner mot kravet. Saka er godt dokumentert og Hemsedal kommune har fått medhald etter behandling hos Statsforvaltaren i både Viken og Vestland. Det er difor ikkje avsett noko til tap på krav i denne saka.

Avvik på kjøp av varer og tenester kjem følgje av fleire mindre avvik . Mellom anna kjøp av ekstern bistand til ressurskrevjande tenester.

### 3.8.4 Teknisk

	År 2021	Budsjett	Oppr.budsjett	I fjor	Avvik i kr
LØNN OG SOSIALE KOSTNADER	24 673 569	26 059 025	25 332 025	23 875 066	-1 385 456
KJØP AV VARER/TJENESTER KOMMUNAL EGENPROD.	21 983 596	23 366 000	22 286 000	21 583 103	-1 382 404
KJØP AV TJENESTER ERSTATTER KOMMUNAL EGENPROD.	16 177 465	14 943 000	14 943 000	15 016 461	1 234 465
OVERFØRINGSUTGIFTER	19 923 974	21 280 946	5 779 250	7 922 771	-1 356 972
SALGSINNTEKTER	-35 821 855	-31 332 637	-31 332 637	-33 944 057	-4 489 218
REFUSJONER	-7 291 742	-5 387 250	-5 387 250	-11 813 920	-1 904 492
OVERFØRINGSINNTEKTER	-32 106	-28 000	-28 000	-34 449	-4 106
<b>Teknisk</b>	<b>39 612 902</b>	<b>48 901 084</b>	<b>31 592 388</b>	<b>22 604 975</b>	<b>-9 288 182</b>

Av netto bevilling i budsjett på 48,9 mill. har Teknisk eit mindreforbruk på 9,3 mill.

Løn og sosiale kostnader er 3 mill. lågare enn budsjett som følgje av langtidsfråvær og vakansar, samt at teknisk sjef har i ein periode vore vikar for kommunedirektør.

## 3.9 Investeringsrekneskapen

Sum investeringsutgifter var på 179,3 mill. i 2021.

Hemsedal kommune har i løpet av året fått overført vatn- og avløpsanlegg frå Totten Utvikling AS vederlagsfritt med avtale om justeringsrett i tråd med utbyggingsavtala med HIAS. Transaksjonen var ikkje budsjetttert, og aukar investeringsutgiftene med 39,9 mill. og tilskot frå andre med sama beløp.

Transaksjonen påverkar såleis ikkje investeringsrekneskapan anna enn 20.000,- i ekstra administrasjonsgebyrinntekt.

Justert for justeringsavtala er investeringsutgiftene 47,2 mill. lågare enn budsjett. Avviket kjem som følge av at fleire av dei store prosjekta har hatt noko tregare framdrift enn planlagt. Med avgrensa administrative ressursar påverkar dette evna til gjennomføring.

		År 2021	Budsjett	Avvik i kr
	Gjennomført som planlagt innafor vedteke ramme			
	Ikkje gjennomført som planlagt, men ikkje vesentleg avvik			
	Ikkje gjennomført, vesentleg avvik			
000	Økonomiplan	389 688	400 000	-10 312
002	Ny GPS rover /målebok	218 311	225 000	-6 689
005	Investering bygg jfr plan for vedlikehald/invest	119 865	1 250 000	-1 130 135
007	Veglys	0	437 500	-437 500
008	Sentralskule med trafikkareal	73 875 941	96 665 820	-22 789 879
009	Parkeringsareal Tuv Oppvekstsenter inkl belysning	0	62 500	-62 500
010	Krikken ny drikkevasskilde	1 129 300	6 489 481	-5 360 181
012	Kjøp av IT-utstyr til skolen	1 536 955	628 000	908 955
225	Kjøp av IT-utstyr til skolen - tilskot	-903 600	-628 000	-275 600
015	Inventar og utstyr ny sentralskule	345 303	125 000	220 303
017	Oppgradeing gml lensmannskontor i Trøimshallen	0	187 500	-187 500
021	Ombygging Ulsåk oppvekstsenter - barnehage	166 375	0	166 375
022	Etablering fleire kontor/oppgradering kommunehuset	14 750	187 500	-172 750
031	Kjøp/salg av aksjer	514 003	585 000	-70 997
032	Overtakelse av anlegg med justeringsrett	-20 000	0	-20 000
033	Kjøp av biler	139 900	175 000	-35 100
042	Salg av tomter	-714 697	0	-714 697
049	Tiltak trafikktryggleiksplan	2 622 321	3 125 000	-502 679
053	Ny driftskontroll kommunale VA-anlegg	3 902 856	3 197 376	705 480
055	Rehabilitering ledningsnett m.m.	328 006	432 347	-104 341
056	Utviding av returpunkt	116 963	3 000 000	-2 883 038
057	Velferdsteknologi - helse og omsorg	0	162 500	-162 500
060	Hemsedalsvegen 2884 (Holdehuset)	3 178 900	3 200 000	-21 100
064	Geovekst	62 593	170 000	-107 407
078	Forsterkning og asfaltering Haugavegen	0	581 250	-581 250
085	Forsterkning og asfaltering GS-veg Hugnadheim_FV (KV1019)	198 882	187 500	11 382
100	Bru Bruøyne - K-sak 50/2019	373 272	3 745 875	-3 372 603
108	Høgdebasseng Holdebakken	13 598 445	14 708 000	-1 109 555
117	Spir, tårn, urnelund kyrkje, tak Lykkja kapell	3 270 000	3 500 000	-230 000
118	VA-ledning Holdebakken-Tuv	246 362	2 000 000	-1 753 638
123	HIAS-avtale - innskudd - finansiering infrastrukturinvesteringar	-4 155 733	-2 758 000	-1 397 733
139	Ny innløpumpestasjon, utj.og forbehandling på Trøim renseanl.	-694 366	0	-694 366
149	Utbygging Svøo III	-1 911 959	-1 950 000	38 041
150	Veg og VA, Haugsvegen, Tunsv. og Trøimsvegen	2 705 616	3 480 000	-774 384
155	Forskottering spillemidler H.I.L m/flere	5 808 696	4 405 000	1 403 696
157	Omsorgsbustader - nye Bråtenjordet	31 130 012	26 271 811	4 858 201
179	Båstø - Strupa/Gravset	-960 000	-3 500 000	2 540 000
217	Grasklyppar	0	145 000	-145 000
220	Røntgenutstyr/pasientsignal - legesenteret	0	250 000	-250 000
241	Kjøp av brakke	280 000	281 250	-1 250
250	Golf Alpin	44 138	-1 812 690	1 856 828
113/116/251	Grunnkjøp HIAS, Øya, Krikken, Gravset m.m.	526 590	16 300 000	-15 773 411
	<b>Sum investering på prosjekt</b>	<b>137 483 688</b>	<b>185 912 520</b>	<b>-48 428 832</b>

Framdrift på prosjekt 100 Bru Bruøyne er avhengig av semje mellom grunneigarane i området. Prosjekt 157 Omsorgsbustader har hatt raskare framdrift, og har difor eit meirforbruk på 3,4 mill.

Inntekt frå sal av eigedom er 4 mill. lågare enn budsjett. Det skuldast i all hovudsak at eigdommen Båstø (prosjekt 179) ikkje er seld. Sal av Båstø er planlagt gjennomført i 2022.

Tilskot på 904' på prosjekt 225 Kjøp av IT-utstyr er overført frå drift. Dette tilskotet vart motteke i 2020 og avsett (ved ein feil) på bundne driftsfond for kjøp av IT-utstyr.

## 3.10 Balansen

### 3.10.1 Anleggsmidlar

Balanseført verdi av anleggsmidlar aukar med 279,8 mill. til 892 mill. i 2021. Dei største endringane er nye investeringar som aukar varige driftsmidlar med 123,2 mill. og oppskrivning av aksjeposten i Hemsedal Energi som aukar finansielle anleggsmidlar med 156,7 mill.

### 3.10.2 Omløpsmidlar

Balanseført verdi av omløpsmidlar aukar med 60,8 mill. til 258,4 mill. i 2021. Mens bankinnskot aukar med 33,0 mill. grunna låneopptak, aukar kortsiktige fordringar med 27,8 mill.

Kundefordringar aukar med 20,4 mill. Fordring mot Hemsedal Energi utgjer 16,5 mill.




Bokført tap på krav er i 2021 på 150' mot 7' året før. Auka tap kjem som følgje av manglande betaling av husleige. Krav om innbetaling av depositum ved utleige utanom tildeling er skjerpa. Det er elles gode rutinar for oppfølging av uteståande.

### 3.10.3 Fondskapital

Hemsedal kommune har følgjande midlar på kapitalfond i balansen ved utgangen av året.

- 4,9 mill. i bundne investeringsfond. Tilskot eller gåva gitt til eit bestemt investeringsføremål.
- 3,0 mill. i ubundne investeringsfond. Frå sal av anleggsmidlar (primært tomtar). Kan nyttas til finansiering av framtidige investeringar.
- 30,7 mill. i bundne driftsfond, kor 14,9 mill. er fond knyta til sjølvkostområde. Øyremerka midlar med binding for bruk i driftsrekneskapen.
- 114,5 mill. i disposisjonsfond. Kan fritt brukas til både drift og investeringar.




I 2021 er det nytta 35 mill. frå investeringsfondet til investeringar for å halde gjeldsgraden nede. Samstundes har disposisjonsfondet auka med 40,9 mill. som følgje av det gode driftsresultatet.

Disposisjonsfondet har no auka til 31,2 % av sum driftsinntekter, mot 23,3 % i 2020. Disposisjonsfondet er såleis godt innafor det finansielle måлтаlet på minst 20 % for utvikling av kommunen sin økonomi (vedtatt i økonomiplan 2021-2024), og Hemsedal kommune er betre rusta for å møte auka investeringar i åra som kjem og mellombels svingingar i inntekter.

#### 3.10.4 Lånegjeld

Hemsedal kommune lånar pengar til vidareutlån (startlån), finansiering av sjølvkost-investeringar og til finansiering av egne investeringar. Sjølvkostlån blir ikkje lånt særskilt og må bereknast ut frå aktivitet. Beløpet er difor stipulert.

Ved utgangen av året var sum lånegjeld 306,9 mill. mot 200,3 mill. ved inngangen av året. Lån til vidareutlån utgjer 13 mill. av samla lånegjeld. Lån til investeringar har auka kraftig siste år.



97 % av lånegjeld eks. lån til vidareutlån er til flytande rente (1,3 %), mens 3 % er til fastrente 2,4 %.

Langsiktig gjeld, eks. pensjonsforpliktingar og lån til vidareutlån, i prosent av brutto driftsinntekter auka frå 59 % i 2020 til 80 % i 2021. Gjeldsgraden er såleis innafør det finansielle måltalet på maksimalt 90 % for utvikling av kommunen sin økonomi (vedtatt i økonomiplan 2021-2024).

Hemsedal kommune har framleis har ei lågare gjeldsgrad enn snittet av kommunane i Noreg, men med dei planlagde investeringane i økonomiplanperioden vil bilete endre seg.

## 4 Hemsedal kommune i eit økonomisk perspektiv

Trass i solide resultat i 2021 er det økonomiske utfordringsbildet for Hemsedal kommune uendra. Vekst i folketal og høge investeringar med auke i renter og avdrag, vil prege kommuneøkonomien i åra som kjem.

Pandemien har påverka drifta i alle etatar og i sentraladministrasjon på ein slik gjennomgripande måte at sjølv om smittetal og smittevern ikkje lengre pregar kvardagen vår, vil kommunen framleis slite med langsiktige økonomiske konsekvensar etter to år med meirarbeid, sjukefråvær og uteståande saker.

Det er venta høge inntekter frå sal av kraft i 2022, men me kan ikkje vente at inntektene vil halde seg høge over fleire år. Samstundes er det knyta uvisse til utvikling i skatteinntekter dei neste åra, og dei statlege overføringane til kommunen er venta å avta.

Samanlikna med andre kommunar har Hemsedal kommune god økonomi, med høg del fond og framleis låg gjeldsgrad. Men reservane er ikkje så store at dei toler fleire år med underskot. For å sikre ei langsiktig og berekraftig økonomi vil kommunen jobbe vidare med å sjå nærare på den underliggjande drifta, med tanke på å halde driftsutgiftene nede og tenestetilboda oppe. Dette arbeidet var planlagt gjennomført i 2021, men vart utsett som følgje av kapasitetsproblem og i påvente av oppstart ny kommunedirektør. Ekstern konsulent er no engasjert.